

Forskrift om graving og anna anleggsarbeid på kommunal grunn, Hareid kommune

Fastsett av Hareid kommunestyre [dato], med heimel i veglova § 32 og § 57, plan - og bygningsloven § 32-8 bokstav a og b og forskrift om fremmede organismer § 18.

§ 1 Føremål

Forskrifta gir heimel til å regulere og handheve gravearbeid og anna anleggsarbeid på kommunal grunn som vert utført av eksterne aktørar. Føremålet er å verne kommunal infrastruktur og forsyningssikkerheit, sikre trygg ferdsel og ta vare på natur og miljø.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld all graving og anleggsarbeid på kommunale vegar, fortau, gang- og sykkelvegar, grøntareal og annan kommunal grunn. Dette inkluderer også arbeid nærare enn 3 meter frå kommunal veg som kan påverke veg eller trafikk, samt arbeid som kan ha uheldige konsekvensar for natur og miljø.

§ 3 Søknadsplikt

Det skal sendast inn skriftleg søknad om løyve til å utføre arbeid omfatta av forskrifta. Behandlingstid av søknadar vert fastsett i gjeldande *Grave- og arbeidsinstruks for Hareid kommune*. Det er forbode å starte arbeidet utan løyve frå Hareid kommune.

§ 4 Vilkår

Kommunen kan setje vilkår for løyve til å utføre arbeid. Arbeid på kommunal grunn er omfatta av mellom anna *veglova*, *plan - og bygningsloven* og *forskrift om fremmede organismer*. Generelle vilkår er fastsett i *Grave- og arbeidsinstruks for Hareid kommune*. Ekstratiltak kan vere påkravd i einskildsaker.

§ 5 Gebyr

Kommunen kan krevje gebyr for sakshandsaming, oppfølging og kontroll av gravearbeid og anna anleggsarbeid som vert utført på kommunal grunn. Dette gjeld mellom anna gebyr for sakshandsaming av graveløyve og arbeidsvarslingsplan.

Kommunen kan også krevje gebyr for å dekke kostnadar med meirarbeid som følgje av brot på forskrifta.

Type gebyr og storleik på desse gebyra vert fastsett årleg i kommunen sitt gebyrregulativ.

§ 6 Brot på forskrifta

Som brot reknast mellom anna:

- arbeid utført utan løyve
 - arbeid i strid med vilkår gitt i løyvet
 - arbeid i strid med gjeldande graveinstruks
 - arbeid i strid med veglova § 57, forskrift om fremmede organismer § 18, plan - og bygningsloven § 32-8 bokstav a og b
-

§ 7 Reaksjonar

Ved brot på forskrifta kan kommunen mellom anna:

- påleggje stans og retting av arbeidet
 - krevje istandsetjing for ansvarleg si rekning
 - avslå eller avgrense framtidige løyve
 - krevje gebyr for meirarbeid som følgjer av brot på forskrifta
 - melde saka til politiet ved grove eller gjentekne brot
-

§ 8 Klage

Vedtak etter forskrifta kan klagast på etter reglane i forvaltningslova.

§ 9 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå [dato].